

Birte syng i julekonserten

11.12.2012



Sundag kveld klokka 19 bør kyrkja atter ein gong vera fylt for då er tida inne for den tradisjonelle julekonserten. Alle dei tradisjonelle aktørane er med og det gjeld musikklaget, skulemusikken, trekkspelklubben, Røysterett for alle og organist Lars Erik TjeldflåtMen i tillegg kjem ein ny og lovande songar - vår eigen Birte Nybakk.

Ho er ein av elevane til Maria Malmsten og har fått stadig større oppgåver, sist saman med Røysterett for alle i den store syklusen som Maria har komponert.

Men vi har også høyrte den klokkeklare røysten i andre samanhengar og det er grunn til å glede seg til songen hennes i kyrkja.

Vi kjem attende til programmet i detalj.

Foto: Ola Matti Mathisen